

Forskrift [dd. mmmm 2023 nr. XXX] om gebyr etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett av Surnadal kommunestyre med heimel i lov 27. juni 2008 om planlegging og byggesakshandsaming (plan- og bygningslova) § 33-1, lov 16. juni 2017 om eigarseksjonar (eierseksjonsloven) § 15 og lov 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32.

Vedtaksdato: dd. mmmm 202x

Ikraftsetjing: 1. januar 2024, frå same tid opphevast forskrift [dato] nr. xx om (dersom kommunen har en forskrift som erstattes).

Kapittel 1. Generelle føresegner

§ 1-1. Føremålet og verkeområde til forskrifta

Forskrifta gir føresegner om betaling av gebyr for sakshandsaming kommunen gjer etter lover og forskrifter for følgjande gebyrtenester:

- Kapittel 2: Private planforslag etter plan- og bygningslova
- Kapittel 3: Bygge-, dele- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova
- Kapittel 4: Seksjonering etter eigarseksjonslova
- Kapittel 5: Oppmåling etter matrikkellova

§ 1-2. Føresegner om betaling

§ 1-2-1. Betalingsplikt og gebyrsatsar

Alle som får utført tenester etter denne forskrifta skal betale gebyr. Gebyrsatsane kjem fram av kapittel 2 til kapittel 5. Gebyra er rekna i tråd med gebyrføresegner i respektive særlover/-forskrifter samt føresegner i sjølvkostforskrifta.

For enkelte tenester vil statlege gebyr, til dømes gebyr for tinglysing eller dokumentavgift fakturerast i tillegg til gebyra etter denne forskrifta.

§ 1-2-2. Tidspunkt for fakturering, tidspunkt for utrekning av gebyra og fakturamottakar

For private planforslag gjeld følgjande reglar for tidspunkt for fakturering og utrekning av gebyr:

- Gebyr for planoppstart vert fakturert som hovudregel etter gjennomført oppstartsmøte. Kommunen kan fakturere for planinitiativ før oppstartsmøtet er gjennomført. Dersom saka avsluttast før oppstartsmøtet, kan kommunen fakturere for planinitiativ når saka avsluttast.
- Gebyr for andre møter blir fakturert etter gjennomført møte, så lenge ikkje anna er avtalt.
- Resterande gebyr blir fakturert samtidig med kommunen si avgjerd om offentlig ettersyn.
- Gebyret blir rekna med satsar som gjeld på tidspunkt for innsendt planinitiativ, oppstartsmøte og når komplett innsendt planforslag er motteke av kommunen.
- Gebyrkravet blir retta til den som har underskrive planforslaget som forslagsstillar, dersom ikkje anna blir avtala i oppstartsmøtet.

For byggje- og delesak og eigarseksjonering gjeld følgjande reglar:

- Gebyr blir fakturert når kommunen har handsama ferdig eller avslutta saka.
- Gebyr blir rekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett søknad vart motteke av kommunen.
- Gebyrkrav blir retta til den som har underskrive søknaden som tiltakshavar eller innsendar, dersom ikkje anna er avtala.

For oppmåling etter matrikkellova gjeld følgjande reglar:

- Gebyr blir fakturert når kommunen har ferdighandsama eller avslutta saka.
- Gebyr blir rekna etter dei satsar som gjeld på tidspunktet fullstendig søknad/rekvisisjon er motteke.
- Kommunen kan krevje gebyr betalt inn forskotsvis, jf. matrikkelforskriften § 16.
- Gebyrkravet blir retta til den som har underskrive rekvisisjonen, viss ikkje anna er avtala.

§ 1-2-3. Tidspunkt for betaling

Gebyr, utgiftsdekningar mv. etter denne forskrifta forfell til betaling etter påkrav i tråd med faktura. Ved manglande betaling kjem purregebyr og renter, jf. forsinkelsesrenteloven og Forskrift om renter ved forsinka betaling. Dersom faktura ikkje blir betalt etter purring, blir kravet sendt til innfordring, jf. inkassoforskriften.

Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket i saka er klaga på, eller om det er søkt om reduksjon av gebyr.

§ 1-3. *Sakkunnig bistand*

Kommunen kan engasjere sakkunnig bistand for spesifiserte utgreiings- eller kontrolloppgåver. For slik bistand kan det krevjast betaling tilsvarande dei medgåtte utgifter. Dette kjem i tillegg til gebyra som vert rekna etter denne forskrifta.

§ 1-4. *Reduksjon av gebyr*

Dersom eit gebyr klart overstig sjølvkost i ei enkelt sak, skal kommunen på eige initiativ redusere gebyret.

§ 1-5. *Klage*

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som følgjer direkte av denne forskrifta.

§ 1-6. *Definisjonar og forklaringar*

I denne forskrifta blir det nytta følgjande forkortingar og definisjonar:

- a. Anleggseigedom: Eit volum kor grense er fastlagt i grunnriss og høgde, til dømes underjordisk anlegg for parkering.
- b. Arbeidsmøte/dialogmøte: Møte mellom kommunen og forslagsstillar i dialogfasen etter oppstartsmøtet for å konkretisere og avklare spesifikke plantema, vidare planprosess, utgreiingsbehov og dokumentasjonskrav før innsending av planforslag. Innhaldet i arbeidsmøtet er basert på føringane frå oppstartsmøtet.
- c. Arealføremål: Arealføremåla går fram av pbl § 12-5 og kart- og planforskrifta, vedlegg I, A.
- d. Arealoverføring: Arealoverføring nyttast når areal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan utan at det etablerast ny matrikkeleining.
- e. Avklaringsmøte: Innleiande møte mellom kommunen og mogleg forslagsstillar, før oppstartsmøtet etter pbl § 12-8. Målet er at kommunen gir avklarande informasjon og formidlar kunnskap om eit bestemt område, og presenterer sin planfaglege haldning til framtidig arealutvikling av dette området. Eit avklaringsmøte kan i nokon grad seie noko om naudsynt prosess og behov for utgreiing.

- f. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, slik som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk åtskilt frå andre einingar. Den respektive lov bestem kva som er ei bueining.
- g. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), til dømes bueining, garasje, anneks/uthus, kontoreining, verkstad og lager. Den respektive lov bestemmer kva som er ei brukseining.
- h. Bygningstype: Standardisert kategorisering av den enkelte bygning etter NS-3457 Bygningstypetabell. Bygningstypar frå 111 til 199 høyrer til bygningshovudgruppe bustad. Bygningstypar frå 211 til 840 er alt anna enn bustad.
- i. Dialogmøte i byggesaker: Møte mellom kommunen og søkar etter førehandskonferanse, for å konkretisere og avklare spesifikke problemstillingar knytt til planføresegner og andre problemstillingar i byggesaka.
- j. Førehandskonferanse for byggesak: Møte for avklaring av rammer og innhald i tiltaket jf. pbl § 21-1 før byggesøknad blir sendt inn til kommunen.
- k. Eigarseksjon: Eigarandel i ein bebygd/planlagt bebygd og seksjonert eigedom, med einerett for eigaren til å bruke ein bestemt brukseining i eigendommen.
- l. Grensejustering: Justering av grense mellom to eigedommar (brukas ved overføring av små areal).
- m. Grunnebyr: Gebyr som skal dekke dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen. Gebyret er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- n. Klarlegging av grenser: Påvising av eksisterande grense. Klarlegging av eksisterande grense utførast når det er behov for å finne gamle grenser som ikkje tidlegare er koordinatbestemt, eller der grensemerke for en tidlegare oppmålt og koordinatbestemt grense har vorte vekk.
- o. Konsekvensutgreiing (KU): Særskilt vurdering og beskriving av verknadane til planen for miljø og samfunn.
- p. Kontorforretning: Sakshandsaming/gjennomføring av oppmålingsforretning utan oppmøte i marka.
- q. Kulturminneinteresser: Bygningar og anlegg som er freda etter kulturminnelova, regulert til vern, eller er registrert som kulturminne med verneverdi i kulturminneregistreringane til kommunen og i kommunedelplanane for kulturminne, kulturmiljø og bygningsvern.
- r. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister der kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom eigedomen ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer, har desse verdien null (0).
- s. Matrikkeleining: Grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige eller festegrund.
- t. Matrikellova: Ein lov med føremål å sikre tilgang til viktige eigedomsopplysningar, ved at det vert ført pålitelege register over alle faste eigedommar i landet, samt at grenser og eigedomsforhold blir klarlagt.
- u. Matrikkelforskrift: Forskrift om eigedomsregistrering – tilhøyrande forskrift til matrikellova
- v. Oppmålingsforretning: Klarlegge og beskrive grensar og rettighetene til fast eigendom og gje nødvendig dokumentasjon for matrikkelføring.
- w. Oppstartsmøte: Lovpålagt møte mellom forslagsstillar og kommunen i plansaker. Møtet tek for seg alle tema som er naudsynt for å klargjere føresetnadane for det vidare planarbeidet og utforminga av det endelege planforslaget.
- x. Pbl: Plan- og bygningslova.
- y. Planinitiativ: Eige dokument som forslagsstillar må sende til kommunen før oppstartsmøtet for private planforslag. Skal i naudsynt grad omtale premissane for det vidare planarbeidet. Krav til innhald i planinitiativet går fram i forskrift om handsaming av private forslag til detaljregulering etter pbl.
- z. SAK: Forskrift om byggesak (byggesaksfokriffta).

- æ. Sakshandsamingsgebyr: Gebyr som skal dekkje oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av kompleksitet og storleik i saka/tiltaket/planen mv.
- ø. SEFRAK: Forkorting for «Sekreteriatet for Registrering Av Faste Kulturminne i Norge». Nasjonalt register over eldre bygningar og andre kulturminne bygd før 1900.
- å. Søknadspåltige tiltak: Tiltak som det må søkjast om etter plan- og bygningslova
- aa. Tilleggsdel: Tillegg til hovuddel, for eksempel bod, garasje, parkeringsplass eller uteareal.
- bb. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- cc. Verna område: Verneområde er områder der myndigheitene har bestemt at naturen skal bli verna mot inngrep eller forstyrring. Ulike reglar gjeld for dei forskjellige typene verneområde som nasjonalparkar, landskapsvernområde og naturreservat.
- dd. LNF-område: LNF-område er ein forkorting for Landbruks-, natur- og friluftsområder, jfr. plan- og bygningslovens § 11-7 nr. 5.
- ee. Rekvisisjon: Ein offisiell bestilling av ei vare eller teneste.

Kapittel 2. Private planforslag

Kapittelet inneheld gebyr for sakshandsaming av private planforslag etter plan- og bygningslova.

Samla gebyr består av gebyr for arbeid med oppstart og gebyr for handsaming av innsendt planforslag.

Dersom planforslaget har mangelfulle plandokument, kan det fakturerast tilleggsgebyr jf. § 2.2.

Alle innsendte planforslag utløyser grunnggebyr etter § 2-2-1. Gebyr frå §§ 2-2-2 til 2-2-11 er tilleggsgebyr og skal betalast dersom planforslaget møter krava for dei enkelte tilleggsgebyra.

For meir informasjon om tidspunkt for berekning, fakturering og fakturamottakar, sjå § 1-2-2.

§ 2-1. Gebyr for arbeid med oppstart

§ 2-1-1. Gebyr for planinitiativ og møter

Gebyr for gjennomgang av planinitiativ inkluderar eit initiativ. Dersom innsendt planinitiativ inneheld manglar/feil ved første gongs innsending og må sendast inn fleire gonger, fakturerast det gebyr per sending.

Planinitiativ		Berekningsenhet	Gebyr
Vnr. Y	Gjennomgang av planinitiativ	Per planinitiativ	Kr X,-
Vnr. Y	Planinitiativ som sendast inn fleire gonger	Per påfølgjande planinitiativ	Kr X,-
Møter		Berekningsenhet	Gebyr
Vnr. Y	Oppstartsmøte	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Avklaringsmøte med forslagsstillar/plankonsulent utover oppstartsmøte	Per møte	Kr X,-

§ 2-1-2. Tilleggsgebyr

Tilleggsgebyr		Berekningsenhet	Gebyr
Vnr. Y	Tillegg dersom forslagsstillar krev spørsmål om vesentlege uenigheiter om det vidare planarbeidet førelagt politisk utval til handsaming etter pbl § 12-8 første ledd	Per sak	Kr X,-
Vnr. Y	Tillegg dersom forslagsstillar krev avgjersla om stans av planinitiativ førelagt politisk utval til handsaming etter pbl § 12-8 andre ledd	Per planinitiativ	Kr X,-
Vnr. Y	Tillegg dersom planinitiativet er i strid med kommuneplan	Per planinitiativ	Kr X,-

§ 2-2. Gebyr for handsaming av private planforslag

§ 2-2-1. Grunnggebyr for planforslag

Grunnggebyret blir fakturert for alle planforslag. Grunnggebyret skal dekke dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av tiltaket sin kompleksitet og storleik.

Grunnggebyr		Berekningsenhet	Gebyr
Vnr. Y	Privat planforslag	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-2-2. Mangelfulle plandokument

Det blir fakturert tilleggsgebyr dersom planforslaget ikkje leverast i fullverdig digital form. Gebyra gjeld dersom kommunen har meirarbeid ved retting av kartgrunnlag og/eller dokument eller ve utarbeiding av skriftleg tilbakemelding om manglar i plandokument.

Mangelfulle plandokument		Berekningsenhet	Gebyr
Vnr. Y	Tillegg for planforslag som ikkje er levert etter gjeldande standard for kart og geografisk informasjon	Per planforslag/ per time	Kr X,-
Vnr. Y	Tillegg for mangelfulle plandokument til førstegangshandsaming	Per planforslag/ per time	Kr X,-

§ 2-2-3. Møte undervegs i planprosessen

Dersom det blir halde møte, skal det betalast eit gebyr for kvart møte.

Møter		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Møte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte/Per henvendelse	Kr X,-

§ 2-2-4. Planer med planprogram og/eller konsekvensutgreiing

For planforslag som krev konsekvensutgreiing (KU) og/eller planprogram skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For planer som krev planprogram	Per planprogram	Kr X,-
Vnr. Y	For planer som krev konsekvensutgreiing	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-2-5. Tomter for bolig eller fritidsbebyggelse

Planforslag med tillatt antall tomter for bebyggelse over 5 skal betale tilleggsgebyr. Tomter hvor det ikke tillates bebyggelse inngår ikke gebyret.

Tomter for bebyggelse		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Frå og med 6 til og med 10 tomter eller inntil 10000m ² næringsareal	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Frå og med 11 tomter eller over 10000m ² næringsareal	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-2-6. Tilleggsgebyr for vertikalnivå

Planforslag med regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over bakken, jf. kart- og planforskrifta § 9, 3. ledd skal betale eit tilleggsgebyr.

Tilleggsgebyr for vertikalnivå		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå	Per vertikalnivå utover eit	Kr X,-

§ 2-2-7. Forhold til overordna planer i kommunen

Dersom planforslaget er i strid med kommuneplanen skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Planforslagets forhold til overordna planer		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Planforslag i strid med kommuneplan	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-2-8. Planforslag i sentrumsområde

Dersom planforslaget gjeld eit område etter kommunedelplan sentrum og/eller spesifiserte områdeplanar for sentrum, skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Planforslag i sentrumsområde		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Planforslag i sentrum	Per planforslag	Kr X,-

§ 2-3. Utfylling og endring av plan

Ved utfylling eller endring av plan skal det betalast gebyr. Dersom søknad om endring av plan ikkje leverast i fullverdig digital form gjeld § 2-2-2 om mangelfulle plandokument dersom kommunen har meirarbeid ved retting av dokumenter.

Utfylling og endring av plan		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Endringar som blir handsama som ny plan i samsvar med pbl § 12-14 første ledd	Per planforslag	Fullt gebyr
Vnr. Y	Endringar i reguleringsplan, oppheving av eller utfylling innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev politisk handsaming	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Endringar i reguleringsplan, oppheving av eller utfylling innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14 andre ledd – som krev administrativ handsaming	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for møter ved søknad om endring av reguleringsplan, jf. pbl § 12-14 andre ledd	Per møte	Kr X,-

§ 2-4. Gebyr ved avslutning av planprosess

Dersom planinitiativ/planforslag blir trekt eller ved manglande oppfølging frå forslagsstillar, skal forslagsstillar betale ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga.

Avslutning av planprosess		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Dersom saka blir trekt før oppstartsvarsel eller planmynde bestem at initiativet skal stoppast	Per planinitiativ	Gebyr etter § 2-1-1.
Vnr. Y	Etter oppstartsmøtet, men før innsending av forslag	Per planoppstart	Gebyr etter § 2-1.
Vnr. Y	Avslutning av sak etter at planforslaget er motteke av kommunen	Per planforslag	50 % av gebyr etter § 2-3.
Vnr. Y	Gebyr ved avslag etter plan- og bygningsloven § 12-11	Per planforslag	Fullt gebyr

Dersom planoppstart ikkje er dokumentert kunngjort innan 12 månadar etter gjennomført oppstartsmøte, kan kommunen avslutte saka og krevje at nytt oppstartsmøte blir holde før kunngjering av planoppstart. Tilsvarende gjeld der komplett planforslag ikkje er motteke innan 12 månadar etter at oppstartsmøte er halde. Det fakturerast i tilfelle nytt gebyr for oppstartsmøte. Dette gjeld med mindre kommunen og forslagsstillar har avtala noko anna.

§ 2-5. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter plan- og bygningslova som ikkje fell inn under andre paragrafar i dette kapittelet, fakturerast etter medgått tid. I spesielle / atypiske saker kan kommunen på førehand avgjerda at saka blir fakturert etter medgått tid. Kommunens arbeid med utbyggingsavtalar fakturerast etter medgått tid.

Timepris		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid	Per time	Kr X,-

§ 2-6. Gebyrfritak

§ 2-6-1. Arealføremål som det ikkje bereknast gebyr av

Arealføremåla grønnstruktur (pbl. § 12-5 nr. 3), LNF(R) (pbl. § 12-5 nr. 5) og natur-/friluftsområde i sjø og vassdrag (pbl. § 12-5 nr. 6) inngår ikkje i berekning av gebyr.

§ 2-6-2. Offentlege planforslag

Kommunen reknar ikkje gebyr for å handsame planforslag frå offentlege forslagsstillar når planen skal ivareta offentlege interesser eller funksjonar og tiltaket skal finansierast med støtte frå stat eller kommune, eller med lån som har statleg eller kommunal garanti.

§ 2-6-3. Unntak gebyrfritak – ulovleg statsstøtte

Offentlege forslagsstillar, derunder kommunale føretak, som fremjar planforslag knytt til eigedomsutvikling av reine eigedoms- og grunneigarinteresser (kommersielle interesser), er likestilt med privat forslagsstillar og skal betale gebyr.

§ 2-6-4. Unntak gebyrfritak – Offentleg forslagsstillar med kommersielle interesser

Der deler av planen frå offentlege forslagsstillar, derunder kommunale føretak, er knytt til eigedomsutvikling mv. (kommersielle interesser), skal betale gebyr denne delen, berekna etter reglene i § 2-3.

Kapittel 3. Bygge- og delesaker

Kapittelet omhandlar gebyr for sakshandsaming av bygge- og delesaker etter plan- og bygningslova.

For alle søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova skal det betalast gebyr. Samla gebyr inneheld grunngjebyr, sakshandsamingsgebyr, registreringsgebyr og eventuelle tilleggsgebyr. Storleiken på gebyret er det same for løyve som for avslag.

Gebyra gjeld for både eitt-trinns søknadar og rammesøknadar. I begge tilfelle er ferdigattest som kommunen sender ut innan fem år etter at løyve er gitt inkludert i gebyret.

For meir informasjon om tidspunkt for berekning, fakturering og fakturamottakar, sjå § 1-2-2.

§ 3-1. Tilsyn etter plan- og bygningsloven

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak blir gjennomført i samsvar med føresegner gitt i eller med heimel i plan- og bygningsloven. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekke ulovlegheit og verke førebyggjande. 10 % av gebyret dekker tilsynsverksemda til kommunen.

§ 3-2. Grunngjebyr

Kommunen fakturerer grunngjebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna.

Grunngjebyret skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av tiltaket sin art, kompleksitet, storleik m.m. Til dømes mottak av søknad, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering.

Grunngjebyr		Berekningseining	Gebyr
Vnr Y	Grunngjebyr for søknadspliktige tiltak sendt inn gjennom elektronisk søknadsportal	Per søknad	Kr X,-
Vnr Y	Grunngjebyr for søknadspliktige tiltak sendt inn på papir og e-post	Per søknad	Kr X,-

§ 3-3. Registreringsgebyr

For søknadspliktige tiltak etter pbl skal det betalast registreringsgebyr som skal dekke kostnadane knytt til arbeid som må gjerast i matrikkelen. Gebyret gjeld også for meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på brukseiningar og det skal betalast eit registreringsgebyr per brukseining. Gebyret skal og betalast ved endring av brukseining.

Registreringsgebyr		Berekningseining	Gebyr
Vnr Y	Søknadspliktige tiltak	Per brukseining	Kr X,-
Vnr Y	Meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-4. Tilleggsgebyr ved mangelfull søknad

Ved handsaming av saker der innsendt dokumentasjon er mangelfull eller feilaktig, bereknast eit tilleggsgebyr per mangelbrev.

Mangelfull søknad		Berekningseining	Gebyr
Vnr Y	Mangelbrev	Per påfølgende brev	Kr X,-

§ 3-5. Førehandskonferanse og andre møter

Det skal betalast gebyr for førehandskonferanse eller andre møter. Gebyra omfattar også førebuing og etterarbeid/referat.

Førehandskonferanse og andre møter		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Førehandskonferanse	Per møte	Kr X,-
Vnr. Y	Andre møter, med referat	Per møte	Kr X,-
Vnr. Y	Andre møter, utan referat	Per møte	Kr X,-

§ 3-6. Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak – pbl § 20-4, jf. byggesaksforskrifta §§ 3-1 og 3-2.

§ 3-6-1. Frådeling

Frådeling mv., jf. pbl § 20-1 m		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Frådeling med grense som er i samsvar med fastsett plan	Per tomt	Kr X,-
Vnr. Y	Frådeling i regulert område, men kor tomtedeling ikkje går fram av vedtatt plan, eller ved uendra bruk eller at denne er bygd	Per tomt	Kr X,-
Vnr. Y	Frådeling i strøk som ikkje er regulert	Per tomt	Kr X,-
Vnr. Y	Frådeling av tilleggsparsell eller arealoverføring betalast for kvar eiendom som blir rørt av justeringa	Per eiendom	Kr X,-
Vnr. Y	Frådeling av eksisterande festetomt/punktfeste til eiga tomt	Per eiendom	Kr X,-

§ 3-6-2. Tiltak utan krav til ansvarleg føretak

Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre tiltak på bygd eiendom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Alminnelege driftsbygningar i landbruket, 50-299 m ² jf. SAK § 3-2	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Alminnelege driftsbygningar i landbruket, 300-1000 m ² jf. SAK § 3-2	Per tiltak	
Vnr. Y	Mellombelse tiltak mv. jf. pbl § 20-4 c	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn tiltakshavar kan stå for jf. pbl 20-4 e	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-7. Søknapliktige tiltak som krev ansvarleg føretak (med ansvarsrett) – pbl § 20-3

§ 3-7-1. Bustad, fritidsbustad og andre bygg, jf. § 20-1 a og b

For bygningar som er kombinasjonsbygg (både bustadføremål og anna enn bustadføremål), blir gebyr berekna for begge føremål.

§ 3-7-1-1. *Bustad, fritidsbustad, rekkehus, kjedehus og andre småhus til og med 4 bueningar*

Bustad og fritidsbustad:		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Bustad/fritidsbustad med inntil to bueningar Bygningstype 111-124, 161-163	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Bygg med fleire enn to bueningar Bygningstype 131-136, 161-163	Per bygning	kr X,-

§ 3-7-1-2. *Store bustadbygg over 4 bueningar*

Store bustadbygg:		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	5 – 10 bueningar Bygningstype 131-159	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	11 – 20 bueningar Bygningstype 131-159	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Over 20 bueningar Bygningstype 131-159	Per bygning	kr X,-

§ 3-7-1-3. *Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustad- og fritidsbustad*

Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustad- og fritidsbustad		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilbygg, påbygg eller underbygg Bygningstype 111-172	Per tiltak	kr X,-

§ 3-7-1-4. *Garasje, uthus, anneks, naust mv. til bustad og fritidsbustad*

Søknapliktig med ansvarsrett:		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Garasje, uthus, anneks, naust mv. til bustad- og fritidsbustad Bygningstype 181-183	Per tiltak	kr X,-

§ 3-7-1-5. Andre bygningar enn bustad

Andre bygningar enn bustad		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Fabrikk-/industribygg ol. Bygningstype: 211-219	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol. Bygningstype: 221-229;323	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Lager- og parkeringsbygg ol. Bygningstype: 231-239;431-439	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Kontor- og forretningsbygg mv. Bygningstype: 311-322;329-429;441-449;731-739, 840	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Bygg for overnatting mv. Bygningstype: 511-529	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Bygg for servering mv. Bygningstype: 531-539	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Undervisnings-, museums-, kyrkjebygg ol. Bygningstype: 611-649;671-679;731-739	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Idrettsbygg ol. Bygningstype: 651-659	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Kulturbygg mv. Bygningstype: 661-669, 830	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Sjukehus og andre bygg for behandling Bygningstype: 719-729	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Fengselsbygg og beredskapsbygg Bygningstype 819-829	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Tilbygg og påbygg mv.	Per tiltak	kr X,-

Landbruksbygg		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Fôrlager, strølager, frukt- og grønnsakslager, landbrukssilo Bygningstype: 241	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Fjøs (hus for dyr) Bygningstype: 241	Per bygning	kr X,-
Vnr. Y	Andre landbruksbygg Bygningstype: 241-249	Per bygning	kr X,-

§ 3-7-1-6. Andre tiltak enn bygningar (konstruksjonar og anlegg)

Andre tiltak enn bygningar		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Røyrlegg, leidningsanlegg mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr ved kontroll av rettigheter	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Avløpsanlegg, jf. forurensingsforskriften kapittel 12 og 13	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Symjebasseng, dam/brønn og liknande	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Brygge, molo, kai ol.	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Andre type konstruksjonar og anlegg	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-7-2. Fasadeendring, jf. pbl § 20-1 c

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c		Berekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Fasadeendring på bustadbygg, konstruksjon eller anlegg	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Fasadeendring næringsbygg	Per søknad	Kr X,-

§ 3-7-3. Bruksendring eller vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak, jf. § 20-1 d.

Gebyr reknast i prosent av gebyret for sakstypen det endrast til.

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d		Beregningsenhet	Gebyr
Vnr. Y	Bruksendring eller vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak av heil bygning	Per søknad	50 % av gebyr etter § 3-7-1
Vnr. Y	Bruksendring del av bygning (mindre tiltak)	Per søknad	30 % av gebyr etter § 3-7-1

§ 3-7-4. Riving av tiltak, jf. § 20-1 e.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Riving av tiltak som krev avfallsplan	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Riving av tiltak som ikkje krev avfallsplan	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-7-5. Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar, jf. § 20-1 f.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Sanitærinstallasjonar, ventilasjons/slokke-/ antenne/energiforsyningsanlegg, heis og liknande	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Olje- og feittutskiljar, jf. forurensingsforskriften kapittel 15 og 15 A	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Skorstein, trappeheis, slukbytter og hulltaking i brannskille	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Endring i bærekonstruksjon til bygning	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Nedgravde avfallscontainerar, energibrønnpark, og liknande tiltak under grunnen	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Pullerter for fortøyning av fartøy og andre sikringstiltak	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Statuer, minnesmerker og andre kunstverk	Per søknad	Kr X,-

§ 3-7-6. Oppdeling eller samanføyning av brukseiningar for bustad, jf. § 20-1 g.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Samanføyning av brukseiningar for bustad mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Oppdeling av brukseiningar for bustad mv.	Per ny buening	Kr X,-

§ 3-7-7. Oppføring av innhegning mot veg og skilt og reklame, jf. § 20-1 h og i.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h og i		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Innhegning mot veg (eksempelvis støyskerm, gjerde, voller, murer m.m.)	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Skilt på fasade	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Andre skilt	Per tiltak	Kr X,-

Det betalast ikkje eige gebyr for søknad om skilt som går inn i søknad om nybygg eller utvendig ombygging eller ved fasadeendring.

§ 3-7-8. Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg, jf. § 20-1 j.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Plassering av midlertidig bygningar, konstruksjonar og anlegg for varig opphald, som skal stå i inntil to år	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-7-9. Vesentleg terrenginngrep, jf. § 20-1 k.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Vesentlege terrenginngrep i regulert område	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Vesentlege terrenginngrep i uregulert område	Per søknad	Kr X,-

§ 3-7-10. Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass, jf. § 20-1 l.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 l		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Anlegg av veg	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Parkeringsplass	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Landingsplass	Per tiltak	Kr X,-

§ 3-8. Tilleggsgebyr for SEFRAK-registrerte bygningar, verna område og kulturminne

Gebyret kjem i tillegg til andre sakshandsamingsgebyr viss tiltaket gjeld verneverdige bygningar, herunder SEFRAK-registrert bygg, kulturminne eller verna område. Gebyret dekkjer arbeid kommunen har med innhenting av opplysningar/uttalelsar frå andre myndigheiter mv.

Verneverdige bygningar, verna områder og kulturminne		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Tiltak som omfattar verneverdig bygning/SEFRAK, tiltak i verna område eller andre tiltak som rører ved kulturminner	Per søknad	Kr X,-

§ 3-9. Midlertidig bruksløyve, igangsetjingsløyve og ferdigattest

Midlertidig bruksløyve, igangsetjingsløyve og ferdigattest		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Midlertidig bruksløyve	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Første igangsetjingsløyve	Per løyve	Kr X,-
Vnr. Y	Per påfølgande igangsetjingsløyve	Per løyve	Kr X,-
Vnr. Y	Ferdigattest	Per søknad	Kr X,-

§ 3-10. Dispensasjonssøknad

Tiltak som ikkje er i tråd med føresegner i lov, forskrift eller plan krev søknad om dispensasjon. Dispensasjonsgebyret kjem i tillegg til eventuelle sakshandsamingsgebyr. Dispensasjonssøknad utløyer grunnebyr etter § 3-2. Ved samstundes søknad om byggeløyve og dispensasjon i same sak, blir det berre fakturert eitt grunnebyr.

Dispensasjon etter pbl § 19-1		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon frå plankrav i kommune- og reguleringsplan, arealbruk	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, jfr. Pbl § 1-8	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon frå utnyttingsgrad, regulert byggelinje, etasjetal, høgde i plan, veglovens krav mv.	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon frå andre forhold i plan og/eller pbl med tilhøyrande forskrifter, samt andre forhold som ikkje er særskilt nemnt	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon for tiltak på eksisterande bygningar i LNF-områder i tråd med gjeldande retningslinjer	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for dispensasjoner som krev politisk handsaming	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for ekstern høyring	Per søknad	Kr X,-

§ 3-11. Andre vurderingar

Andre vurderingar		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Tiltak på eksisterande byggverk (fråvik frå TEK), pbl § 31-2, 4. ledd	Per fråvik	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av sjølvbygggaransvar, SAK § 6-7	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av føretak som ikkje oppfyller krav til praksis mv. i SAK, pbl § 23-7, jf. SAK § 11-4	Per foretak	Kr X,-
Vnr. Y	Løyve til tilknytning til eksisterande private vatn- og avløpsanlegg	Per søknad	Kr X,-

§ 3-12. Revidert søknad og teikningar

Med revidert søknad meinast endringar det søkast om etter at rammeløyve eller eitt-trinns løyve er gitt, og før bygget eller tiltaket har fått ferdigattest.

Endring av tiltak		Beregningsenhet	Gebyr
Vnr. Y	Søknadspliktig endring av tiltak	Per søknad	10 % av gebyr etter § 3-7

§ 3-13. Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag

Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Sak som blir trekt før vurdering	Per sak	Grunnebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avsluttar på grunn av manglande oppfølging frå ansvarleg søker eller tiltakshavar	Per sak	Grunnebyr + mangelbrev
Vnr. Y	Sak som blir trekt av søker/tiltakshavar etter at kommunen har sett i gong sakshandsaming, men før endeleg vedtak	Per sak	Grunnebyr + 50 % av sakshandsamingsgebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avslår	Per sak	Fullt gebyr

§ 3-14. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter plan- og bygningslova som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapitlet, fakturerast etter medgått tid. Timeprisen dekker blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og

administrasjon. I spesielle / atypiske saker kan kommunen på førehand avgjerde at saka blir fakturert etter medgått tid.

Timepris		Berekningsseining	Gebyr
Vnr Y	Gebyr for medgått tid i bygge- og delesaker	Per time	Kr X,-

Kapittel 4. Eigarseksjonering

Kapitlet handlar om gebyr for seksjoneringssaker etter eierseksjonsloven. Gebyret sin storleik er det same for seksjoneringsvedtak som for avslag.

Ved søknad om løyve til å seksjonere ein eigedom etter eierseksjonsloven skal det reknast gebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. Ved tilleggsareal i grunn kjem og gebyr for oppmålingsforretning i tillegg, sjå kapittel 5.

For meir informasjon om tidspunkt for berekning, fakturering og fakturamottakar, sjå § 1-2-2.

§ 4-1. Grunngjebyr

Kommunen fakturerar grunngjebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta seier noko anna.

Grunngjebyret skal dekke dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis mottakskontroll, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering.

Grunngjebyr		Berekningsseining	Gebyr
Vnr Y	Grunngjebyr for søknadspliktige tiltak sendt inn gjennom elektronisk søknadsportal	Per søknad	Kr X,-
Vnr Y	Grunngjebyr for søknadspliktige tiltak sendt inn på papir og e-post	Per søknad	Kr X,-

§ 4-2. Registreringsgebyr

For søknader etter eierseksjonsloven skal det betalast registreringsgebyr som skal dekke kostnadane knytt til arbeid som må gjerast i matrikkelen. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på seksjonar og det skal betalast eit registreringsgebyr per seksjon.

Registreringsgebyr		Berekningsseining	Gebyr
Vnr Y	Registreringsgebyr	Per seksjon	Kr X,-

§ 4-3. Mangelfull søknad

Dersom søknad ikkje følgjer krava i eierseksjonsloven § 11 og kommunen må sende mangelbrev, kjem det eit tilleggsgebyr.

Mangelbrev		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Mangelbrev	Per brev	Kr X,-

§ 4-4. Oppretting av eigarseksjonar, nybygg

Det reknast gebyr for maksimalt 20 seksjoner.

Oppretting av eigarseksjonar, nybygg		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Fra ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr X,-

§ 4-5. Oppretting av eigarseksjonar, eksisterande bygg

Det reknast gebyr for maksimalt 20 seksjoner.

Oppretting av eigarseksjonar, eksisterande bygg		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Fra ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr X,-

§ 4-6. Reseksjonering

Det reknast gebyr for maksimalt 20 seksjoner.

Reseksjonering		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Fra ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr X,-

§ 4-7. Anleggseiendom

Det reknast gebyr for maksimalt 20 seksjoner.

Seksjonering av anleggseiendom		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Fra ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr X,-

§ 4-8. Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Sletting/oppheving av seksjonert sameige		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Sakshandsamingsgebyr for å slette seksjonar på ein eiendom	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for sletting av uteareal	Per søknad	Kr X,-

§ 4-9. Tilleggsgebyr

Gebyr kjem i tillegg til sakshandsamingsgebyret.

Tilleggsgebyr		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for synfaring	Per synfaring	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for retting av planteikning	Etter medgått tid	Kr X,-

§ 4-10. Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag

Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag		Beregningsenhet	Gebyr
Vnr. Y	Sak som blir trekt før vurdering	Per sak	Grunngebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avsluttar på grunn av manglande oppfølging frå ansvarleg søker eller tiltakshavar	Per sak	Grunngebyr + mangelbrev
Vnr. Y	Sak som blir trekt etter at kommunen har satt i gong handsaming, men før endeleg vedtak	Per sak	Grunngebyr + 50 % av saksbehandlingsgebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avslår	Per sak	Fullt gebyr

§ 4-11. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter eierseksjonsloven som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapitlet, blir fakturert etter medgått tid. Timeprisen dekker blant anna sakshandsaming, støttfunksjonar og administrasjon. I spesielle / atypiske saker kan kommunen på førehand avgjerda at saka blir fakturert etter medgått tid.

Timepris		Berekningsseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid etter eierseksjonsloven	Per time	Kr X,-

Kapittel 5. Oppmålingsforretning

Kapittelet handlar om gebyr for oppmålingsforretningar og sakshandsaming etter matrikkellova.

§ 5-1. Tidspunkt for gebyrfastsetting og fakturering

Gebyr blir fakturert ved fullført oppmålingsforretning/kontorforretning, og blir rekna etter satsane som gjeld den dagen rekvisisjonen er komplett. Kommunen krev i tillegg dekkja naudsynte tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift. Innbetaling av gebyr kan krevjast før matrikkelføring og tinglysing blir gjennomført.

For meir informasjon om tidspunkt for berekning, fakturering og fakturamottakar, sjå § 1-2-2.

§ 5-2. Vinterforskrift

Den generelle handsamingsfristen på 16 veker for saker etter matrikkelforskriftens § 17 tredje ledd gjeld ikkje i periodar bestemt i forskrift om tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning, Surnadal kommune, Møre og Romsdal.

§ 5-3. Avbroten forretning

Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvisning og ved avslag		Berekingseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt eller må avvisast før oppmåling i marka er gjennomført	Per rekvisisjon	Grunngebyr + 35 % av gebyr etter §§ 5-4-2 og § 5-4-3
Vnr. Y	Gebyr der saka avsluttast etter at oppmålingsforretningen er gjennomført	Per rekvisisjon	75 % av totalt gebyr.

§ 5-4. Oppmålingsforretningar etter matrikkellova med forskrift

Samla gebyr er tredelt og består av grunngebyr, sakshandsamingsgebyr og gebyr ved oppmåling i marka. Dersom saka ikkje krev oppmåling i marka, fakturerast det berre grunngebyr og sakshandsamingsgebyr.

§ 5-4-1. Grunngbyr

Kommunen fakturerar grunngebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta seier noko anna. Grunngbyret skal dekke dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis mottakskontroll, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering.

Grunngbyr		Berekingseining	Gebyr
Vnr Y	Grunngbyr for søknadspliktige tiltak sendt inn gjennom elektronisk søknadsportal	Per søknad	Kr X,-
Vnr Y	Grunngbyr for søknadspliktige tiltak sendt inn på papir og e-post	Per søknad	Kr X,-

§ 5-4-2. Gebyr for sakshandsaming etter matrikkellova

Gebyret dekker kommunen si sakshandsaming i samband med oppmålingsforretning, samt registrering i matrikkelen.

Gebyr for sakshandsaming		Berekningsseinig	Gebyr
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom og festegrund og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn, samt arealoverføring (forarbeid og etterarbeid på kontoret) Gjeld og midlertidig utsett forretning (MUF)	Første eigedom	Kr X,-
Vnr. Y	- Tillegg for oppretting av fleire matrikkeleiningar	Per ny matrikkeleining	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av uteareal på eigarseksjon, inntil to tilleggsdelar	Per eigarseksjon	Kr X,-
Vnr. Y	-Tillegg for fleire tilleggsareal utover to	Per tilleggsareal	Kr X,-
Vnr. Y	Registrering av anleggseigedom	Per eigedom	Kr X,-
Vnr. Y	Punktbeste	Per punktbeste	Kr X,-
Vnr. Y	Grensejustering	Per rekvisisjon	Kr X,-
Vnr. Y	Arealoverføring til offentlig veg og jernbane	Per rekvisisjon	Kr X,-
Vnr. Y	Grensepåvisning/nymerking av tidlegare koordinatfesta grenser	Per rekvisisjon	Kr X,-
Vnr. Y	Klarlegging av grense for grunneigedom som ikkje er koordinatfesta i tidlegare forretning, men som har synlege/kjente grensemerke i terrenget	Per rekvisisjon	Kr X,-
Vnr. Y	Klarlegging av grense for grunneigedom som ikkje er koordinatfesta i tidlegare forretning, og som ikkje har synlege grensemerke i terrenget	Per rekvisisjon	Kr X,-
Vnr. Y	Sammenslåing av eigedommar	Per søknad	Kr 0,-

§ 5-4-3. Gebyr ved oppmåling i marka

Dersom kommunen må ut og måle i marka, kjem det oppmøtegebyr og gebyr per grensepunkt, i tillegg til gebyr for sakshandsaming. Oppmøtegebyr skal dekke dei kostnadane kommunen har knytt til oppmøte og reisetid. Gebyr per grensepunkt skal dekke tida det tek å gjennomføre oppmålingsarbeidet. Samanfallede grensepunkt tel som eitt.

For grensepunkt i bogar betalast det for inntil tre grensepunkt per boge, i tillegg til start- og stopp-punkt, sjølv om antal målte grensepunkt er fleir.

Gebyr ved oppmåling i marka		Berekningsseinig	Gebyr
Vnr. Y	Oppmøtegebyr	Per oppmøte	Kr X,-
Vnr. Y	Grensepunkt som blir målt og/eller merka i marka	Per grensepunkt	Kr X,-

§ 5-5. Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Anna		Berekningsseinig	Gebyr
Vnr. Y	Arbeid med referanse til stadfestingsavtale om eksisterande grense eller stadbunden rett, jf. matrikkelforskriften § 44	Per time	Kr X,-
Vnr. Y	Utarbeiding av matrikkelbrev inntil 10 sider	Per matrikkelbrev	I tråd med matrikkelforskriften
Vnr. Y	Utarbeiding av matrikkelbrev over 10 sider	Per matrikkelbrev	I tråd med matrikkelforskriften

Gebyrpliktig arbeid etter matrikkellova som ikkje fell inn under andre føresegner i denne forskrifta, blir fakturert etter medgått tid. Timeprisen dekkar sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon. I spesielle / atypiske saker kan kommunen på førehand avgjerda at saka blir fakturert etter medgått tid.

Anna fakturerbart arbeid		Berekningsseinig	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid	Per påbegynt time	Kr X,-

Kommunen kan på førehand avtale at markarbeid kan fakturerast etter medgått tid.